

Eksotisk Skorpomesse på läven

19.07.2015



Kristin Winlund les under låvemessa på Skorpo

- Eksotisk var karakteristikken vikarierande prostiprest Kristin Winlund frå Fredrikstad nytt om messa ho heldt i ettermiddag i läven på Skorpo. Denne gongen var det ikkje mogeleg å ta sjansen på ei utomhusmesse fordi det truga med regn i Skorpomesse nummer 16. Men det vart ei riktig fin stund og ikkje minst presten vil hugsa ho lenge. I 5 veker i sommar har ho sommarjobb i Kvinnherad, Stord og Sveio, men messa på Skorpo var den mest spesielle for henne.

Det galdt ikkje berre at läven gjorde teneste og at 2 av dei 6 fastbuande bokstavleg tala hoppa på høyet både før og etter. Spesielt var det også at vikarierande organist Kristian Bringedal spela trekspel.



25 møtte fram denne gongen

- Det passar bra med stemningen i lokalet, konstaterte presten.

For å ta seg av ringinga var kyrkjetenaren i Holmedal invitert og Cort Holtermann løyste oppgåva med ei lita bjelle og stor profesjonalitet.



Ringaren frå Holmedal i aksjon

Også denne gongen var det eit internasjonalt innslag: Christa og Lothar Hannuschka frå Dortmund var på plass for fjerde gongen i ei Skorpomesse og var litt forbløffa over at matrosen i overfarten snakka flytande tysk sjølv om han er berre 10 år gammal. Men så er da også mora hans tysk og har vore Skorpobuar i mange år..

Preika til Kristin Winlund handla i stor grad om å dela godene - med utgangspunkt i enka som ga alt. Vi som har så mykje burde ha lett for å dela raust frå overskotet vårt utan å hamna i same situasjon som enka, held presten fram. Vi burde kunne gje tiende, men så møter vi spørsmålet: Kven er verdig trengjande? Kanskje vi heller skal sjå nærrare på kven vi brukar overskotet vårt på, sa presten. Ho studerar i Oslo og er ferdig om 2 år.

Hennes mann Anders Winlund var tekstlesar på Skorpo. Ein vikarprest har nok å stå i med - Kristin hadde ein dåp i Eid kyrkje før ho kom til gudstenesta her i bygda i dag.



Nikolai, Lothar og Christa under overfarten

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

